


Influenza

Kven bør ta influensavaksinen?

- Alle som er 65 år eller eldre.
- Barn og vaksne under 65 år som tilhøyrer ei risikogruppe for alvorleg influenza.

Snakk med legen din om du er usikker på om det gjeld deg eller barnet ditt.



Korleis verkar influensavaksinen?

- Vaksinen lærer kroppen å forsvare seg mot influensavirusa.
- Vaksinen blir gjeven med sprøyte i armen. Barn kan også få vaksinen som nasespray. Den kan takast samtidig med korona- og pneumokokkvaksine.
- Det tar 1–2 veker før vaksinen byrjar å verke.

Kva skjer etter vaksinasjonen?

- Mange får litt vondt på stikkstaden og det kan bli litt raudt og hovent.
- Enkelte får feber, vondt i musklane, føler seg litt sjuke eller utmatta. Dette forsvinn av seg sjølv etter nokre få dagar.
- Er du usikker på eventuelle plager etter vaksinasjon, ta kontakt med lege.



Les meir på
fhi.no/voksenvaksinasjon